



DET KONGELEGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 71

(2005–2006)

Om endringar i statsbudsjettet for 2006 som følgje av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar

*Tilråding frå Helse- og omsorgsdepartementet av 2. juni 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Helse- og omsorgsdepartementet gjer med dette framlegg om endring av løyvingane for 2006 under kap. 2711 post 70 Refusjon spesialisthjelp og post 71 Refusjon psykologhjelp, under kap. 2755 post 62 Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar, post 70 Refusjon allmennlegehjelp og post 71 Refusjon fysioterapi og under kap. 732 Regionale helseforetak, postane 71-75. Auken på i alt 189,0 mill. kroner har samanheng med reviderte avtalar med Den norske lægeforening, Norsk Fysioterapeutforbund og Norsk Psykologforening om takstar, basistilskot og driftstilskot. Det er sett av reservar til dekking av meirutgiftene ved oppgjeret under kap. 2309 Tilfeldige utgifter (Ymseposten). Denne løyvinga vil det seinare bli gjort framlegg om å setje ned.

2 Bakgrunn

Avtaletidspunktet for dei einskilde avtalane om basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar er 1. juli.

Ved oppgjera per 1. juli 2005 blei det gjort korreksjonar som innebar at det ikkje blei gjeve tillegg i honorartakstane for dei tre gruppene. Oppgjera bygde på ei økonomisk ramme før korreksjon sva-

rande til 1,2 prosent for legane, 1,0 prosent for fysioterapeutane og 2,0 prosent for psykologane.

Dei respektive organisasjonane og staten, KS og dei regionale helseforetaka har no ført forhandlingar om avtalar for tidsrommet 1. juli 2006 - 30. juni 2007. Avtaleframlegga har noko ulik utforming. For legane inneber avtalen ein samla auke i takstar, fondsavsetningar og basistilskot/driftstilskot med 4,6 prosent, for fysioterapeutane ein auke med 4,9 prosent og for psykologane ein auke med 4,0 prosent. Rammejusteringane er rekna per 1. juli 2006. Skilnaden i rammeauke for dei einskilde gruppene har samanheng med ulike overheng i takstar og driftstilskot inn i 2006, ulik utvikling i kostnader og ulike inntektsnivå.

Eigendelane blir ikkje endra ved dette oppgjeret. Auken i honorartakstane som følgje av dei nye avtalane får difor full verknad i refusjonsutgiftene.

Da ordninga med driftstilskot for legar, fysioterapeutar og psykologar blei innført i 1984, var føresetnaden at driftstilskotet skulle utgjere om lag 40 prosent av gjennomsnittleg omsetnad for dei ulike gruppene. Over tid blei denne prosentdelen mindre. Ved handsaminga av St.meld. nr. 5 (2003-2004), jf. Innst. S. nr. 82 (2003-2004), slutta Stortinget seg til eit framlegg om at driftstilskotsdelen skal aukast til opp mot 40 prosent for legespesialistar og psykologar. Ved oppgjera i 2003 og 2004 blei det avtala ei omfordeling frå takstar til driftstilskot

for desse gruppene. For legespesialistane er det avtala ei ny omfordeling ved dette oppgjeret. Som følge av dette blir det gjort framlegg om å auke overføringane til dei regionale helseføretaka med 18,0 mill. kroner, mot tilsvarande reduksjon i refusjonsløyvingane. Refusjonsløyvingane blir samla auka med 171,0 mill. kroner.

3 Avtale om basistilskot, driftstilskot og takstar for legar

I forhandlingsmøte 24. mai 2006 blei Den norske lægeforening, staten, KS og dei regionale helseføretaka samde om eit tilrådd framlegg til revidert avtale om basistilskot for fastlegar, driftstilskot for legespesialistar og takstar for tidsrommet 1. juli 2006 - 30. juni 2007.

Det tilrådde framlegget inneber at gjeldande basistilskot, driftstilskot, takstar og fondsavsetningar samla blir auka med 4,6 prosent frå 1. juli 2006. Innanfor denne ramma er det avtala at driftstilskota blir auka med 10,9 prosent. Partane vil snarast komme saman for å dele ramma på dei einstilte takstane, driftstilskota og fonda.

Meirutgiftene for folketrygda til refusjonar og fondsavsetningar i 2006 er rekna til 120,0 mill. kroner, delt med 18,0 mill. kroner på kap 2711 post 70 Refusjon spesialisthjelp og 102,0 mill. kroner på kap 2755 post 70 Refusjon allmennlegehjelp. Til inndekking av meirutgiftene for dei regionale helseføretaka som følgje av den ekstraordinære auken i driftstilskota, tilrår departementet at kap. 732 postane 71-75 blir auka med 18,0 mill. kroner i alt.

4 Avtale om driftstilskot og takstar for fysioterapeutar

I forhandlingsmøte 29. mai 2006 blei Norsk Fysioterapeutforbund, KS og staten samde om eit tilrådd framlegg til revidert avtale om driftstilskot og tak-

star for fysioterapeutar. Avtalen skal gjelde for tidsrommet 1. juli 2006 - 30. juni 2007.

Avtalen føreset ei regulering av takstar, driftstilskot og avsetning til fond for etter- og vidareutdanning med 4,9 prosent per 1. juli 2006. Takstar og driftstilskot aukar med same prosentsetsats.

Departementet tilrår at løyvinga for 2006 under kap. 2755 post 71 Refusjon fysioterapi blir auka med 41,0 mill. kroner.

Fastlønnsstilskotet til kommunar med fysioterapeutstillingar var 134 300 kroner i 2005. Departementet tilrår at fastlønnsstilskotet blir regulert til 139 600 kroner for 2006, og at kap. 2755 post 62 Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar blir auka med 4,0 mill. kroner.

5 Avtale om driftstilskot og takstar for psykologar

I forhandlingsmøte 22. mai 2006 blei Norsk Psykologforening, staten og dei regionale helseføretaka samde om eit tilrådd framlegg til revidert avtale om driftstilskot og takstar for spesialistar i klinisk psykologi. Avtalen skal gjelde for tidsrommet 1. juli 2006 - 30. juni 2007.

Avtalen føreset ei samla regulering av takstar, driftstilskot og avsetning til fondet for vidare- og etterutdanning med 4,0 prosent per 1. juli 2006. Takstar og driftstilskot aukar med same prosentsetsats. Departementet tilrår at kap 2711 post 71 Refusjon psykologhjelp blir auka med 6,0 mill. kroner.

Helse- og omsorgsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringer i statsbudsjettet for 2006 som følgje av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2006 som følgje av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2006 som følgje av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar

I

I statsbudsjettet for 2006 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
732		Regionale helseføretak	
	71	Tilskot til Helse Øst RHF, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 17 385 501 000 til kr 17 394 301 000	8 800 000
	72	Tilskot til Helse Sør RHF, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 9 783 579 000 til kr 9 786 879 000	3 300 000
	73	Tilskot til Helse Vest RHF, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 8 983 609 000 til kr 8 987 009 000	3 400 000
	74	Tilskot til Helse Midt-Norge RHF, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 6 519 683 000 til kr 6 521 183 000	1 500 000
	75	Tilskot til Helse Nord RHF, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 5 747 090 000 til kr 5 748 090 000	1 000 000
2711		Diverse tiltak i spesialisthelsetenesta	
	70	Refusjon spesialisthjelp blir auka med frå kr 1 040 000 000 til kr 1 058 000 000	18 000 000
	71	Refusjon psykologhjelp blir auka med frå kr 168 000 000 til kr 174 000 000	6 000 000
2755		Helseteneste i kommunane:	
	62	Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar, <i>kan nyttast under post 71</i> blir auka med frå kr 210 000 000 til kr 214 000 000	4 000 000
	70	Refusjon allmennlegehjelp blir auka med frå kr 2 340 000 000 til kr 2 442 000 000	102 000 000
	71	Refusjon fysioterapi, <i>kan nyttast under post 62</i> blir auka med frå kr 1 232 000 000 til kr 1 273 000 000	41 000 000

